

Alver kommune

V/ Byggesak

Kjersti Linn Hopland

Ikeland 55

5912 Seim

Ferdigattest – g.br.nr: 168/3 sak 20/5863-2

30.06.2020

Viser til svar på ferdigattest, mottatt 10.06.20

Nytt inntegna bygg avvik frå godkjent plassering: Når me starta å grava ut tomten viste det seg at grunnen var såpass dårleg på eine sida, at me valgte å trekka det nokre meter mot sør der grunnen var meir stabil. Ny plassering er no innmålt og oppteikna.

Endra planløyising og fasade: Me måtte speilvenda bygget for å få det til å fungera best mulig i terrenget, dette var vanskelig å forutsjå i framkant. Me såg at dette ville bli den beste løysinga etter at grunnane var gravd ut og me fekk eit bedre intrykk av tilkomsten til bygget frå dei ulike retningane. Platningar med rekkverk på kvar gavlsida av bygget er det ikkje. Ein liten rampe er støypt på nordsida for å sette av varer framfor varemottak.

Innmålingsdata: Bygget og reinseanlegget er innmålt og innteikna

Ferdigattest/mellombels bruksløyve: Legg ved etterspurd dokumentasjon frå rørleggar.

Oppsummering: Når eg som ein enkeltperson set i gang med eit slikt prosjekt, så er det ein jungel av lovar og reglar, dokumentasjon og løyvingar. Eg har vore tydelig frå starten at eg treng rettleiing for å få alt riktig. Eg har spurt om hjelp og enten fått klar beskjed om å finna ut av det sjølv, eller eg har fått manglande eller feil informasjon om framgang. Dette har ført til at denne saka har drege ut i tid og at eg har måtta senda ut heile 3 nabovarsel.

Når eg venta på nabovarsel nr 3 for utsleppsløyve spurte eg om det var meir som skulle søkast om når eg likevel venta. Nei, det var det ikkje. Byggeløyve og utsleppsløyve vart gitt, med klarsignal om å bygga. Ved søknad om ferdigattest vart eg sjølv sagt overraska då eg fekk denne beskjeden om at eg må ha løyve til å etablere reinseanlegget. Kvifor fekk eg ikkje beskjed om dette tidlegare, og korleis kan eg få byggeløyve når dette ikkje var ordna, visste ikkje sakshandsamaren dette? Og ja, det har stått ein paragraf eller setning om dette i eit tidlegare brev, men eg har ikkje forstått at dette var i tillegg til utsleppsløyvet. Det er derfor eg har spurt om hjelp, slik at eg ikkje skal oversjå slike ting.

No sender eg inn ytterlegare informasjon, og har spurt om det er meir enn dette. Nei, det er det ikkje. Håpar verkeleg det stemmer denne gongen.

Til sist: Eg er utruleg skuffa over måten eg har blitt behandla på i denne saka, eg trudde at kommunen såg positivt på nyskaping og ressursutvikling. Det er i hvert fall det som blir fronta utad. Snakk om å ta motet frå ein entusiastisk gardsmatprodusent som prøver å laga både sin eigen og andre sin arbeidsplass. No går eg og ventar mens livsviktig inntekt uteblir. Det minste som kan gjerast frå dykkar side er at dette går i orden omgåande, ellers går me under før me har begynt. Håper på snarleg positivt svar.

MVH


Kjersti Linn Hopland